

April 2026

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026 - 2035



Innhald

1.	Innleiing	3
1.1	Føremål.....	3
1.2	Avgrensing	3
1.3	Oppbygging av plan	3
2.	Overordna føringar.....	4
2.1	FN sine berekraftmål	4
2.2	Nasjonale føringar	4
2.3	Fylkeskommunale føringar	4
2.4	Kommunale føringar.....	5
3.	Utviklingstrekk - situasjonsbilete for Etne kommune	7
4.	Samfunnet me skal skapa.....	10
4.1	Satsingsområde og tiltak	10
	Satsingsområde 1 – Alle med	11
	Satsingsområde 2 - Frivilligheita som kraft	11
	Satsingsområde 3 – Nærmiljø og lågterskel.....	11
	Satsingsområde 4 – Friluftsliv for framtida	12
	Satsingsområde 5 – Anlegg, miljø og berekraft.....	13
5.	Vedlegg	15
	Vedlegg 1 Beskriving av tiltak.....	15
	Vedlegg 2 Handlingsplan anlegg og spelemidlar	15
	Vedlegg 3 Anleggsoversikt med tilstandsvurdering	15
	Vedlegg 4 Prinsipp for prioritering av anleggsutbygging og -rehabilitering	15



1. Innleiing

Etne skal vera ein aktiv kommune der natur, idrett og fellesskap gjer kvardagen rikare for alle.

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv spelar ei sentral rolle i utviklinga av eit godt samfunn. I Etne kommune ønskjer me å leggja til rette for eit aktivt liv for alle, uavhengig av alder, funksjonsevne eller økonomisk situasjon. Denne temaplanen skal peika ut kursen for korleis kommunen, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, kan utvikla eit aktivitetsvennleg lokalsamfunn i åra som kjem.

Planen tek føre seg situasjonen i dag, utviklingstrekk og utfordringar innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og skisserer mål og strategiar for framtida. Temaplanen skal også vera eit verktøy for prioritering av investeringar, samarbeid og tiltak, både på kort og lang sikt.

1.1 Føremål

Føremålet med planen er å skapa betre føresetnader for fysisk aktivitet og friluftsliv for alle i Etne kommune, og å leggja grunnlaget for god helse, sterke fellesskap og høg livskvalitet i befolkninga. Planen skal:

- Synleggjera behov for bygging og rehabilitering av idretts-, nærmiljø- og friluftsanlegg, og sikra styring og prioritering av behova i eit kortsiktig og langsiktig perspektiv
- Leggja til rette for eit variert og tilgjengeleg tilbod innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for alle i alle aldrar og funksjonsnivå – bidra til betre folkehelse og livskvalitet
- Auka deltaking i fysisk aktivitet gjennom lågterskeltilbod og inkluderande tiltak.
- Leggja til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og frivilligheita.
- Sikra langsiktig planlegging som gir grunnlag for prioritering av tiltak og ressursbruk for kommunen sin administrasjon og politikarar.

For å søkja om statlege spelemidlar til idretts- og friluftsanlegg er det eit krav at kommunen har ein plan.

1.2 Avgrensing

Planen omfattar alle former for fysisk aktivitet i kommunen, frå organisert idrett til eigenorganisert aktivitet og friluftsliv. Planen inkluderer både anlegg, naturbaserte tilbod og lågterskeltilbod, men avgrensar seg til tiltak som kommunen sjølv kan påverka eller samarbeida om. Berekraftig utvikling skal vera førande for planarbeidet og gjennomføring av planen.

1.3 Oppbygging av plan

Planen er bygd opp slik at den først skildrar utviklingstrekk og utfordringar, før han presenterer visjon og mål, strategiar og tiltak innanfor dei innsatsområda. I vedlegg 1 er beskriving av tiltak og gjennomføring. Vedlegg 2 er handlingsplan for anlegg og spelemidlar, og vedlegg 3 viser ei oversikt over behov for rehabilitering av anlegg.

2. Overordna føringar

2.1 FN sine berekraftsmål

All utviklings- og planarbeid i Etne skal byggja på FN sine berekraftsmål, og eit førande prinsipp skal vera at behov i dag ikkje skal redusera moglegheitene for framtidige generasjonar. Følgjande mål er vald ut for temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv:



2.2 Nasjonale føringar

Relevante nasjonale planar og dokument:

- «Den norske idrettsmodellen» - Stortingsmelding 26 (2011-2012)
- «Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar» - Folkehelsemeldinga 15 (2022-2023)
- «Natur som kjelde til helse og livskvalitet» - Stortingsmelding 18 (2015-2016)
- «Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig» - Stortingsmelding 10 (2018-2019)
- «Saman om aktive liv» - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2025
- Nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet (2020 – 2029)

I Nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet (2020-2029) står det:

«Å være fysisk aktiv kan gi glede, mestring, opplevelser, tilhørighet, sosialt samvær, livskvalitet, frihet og mulighet til utfoldelse ut fra egne forutsetninger. I tillegg til bedre livskvalitet og helse for den enkelte, har dette betydning for samfunnets bærekraft. Fysisk aktivitet kan blant annet bidra til at vi kan stå lenger i arbeid, at vi kan være selvhjulpne lengst mulig og redusere behovet for helse- og omsorgstjenester.»

2.3 Fylkeskommunale føringar

Relevante regionale planar og dokument:

- Regional plan for kultur 2023-2035
- Handlingsprogram folkehelse 2022-2025
- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020–2024

2.4 Kommunale føringer

Relevante kommunale planar og dokument:

- Planstrategi 2024 – 2028
- Kommunedelplan samfunnsdel (ny plan er under arbeid)
- Kommuneplan Arealdel 2023 – 2030
- Etne 2030 – Veggen mot 2040
- Folkehelseoversikt 2024 - 2028

Planstrategi 2024-2028 set rammene for arbeidet med Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Hovudutfordringane som gir grunnlag for planstrategien er auka attraktivitet og bulyst, demografiske endringer og klimaendring og naturpåverknad.

Etne 2030 – Veggen mot 2040 gir også føringer for planen, og Etne kommune ønskjer å prioritera bulyst, barn og unge, og folkehelse.

Ein del av kunnskapsgrunnlaget i planen er Folkehelseoversikt 2024-2028, som gir ein detaljert oversikt over helsestatus og helseutfordringane blant innbyggjarane. Målet med folkehelseoversikta er å sikra at alle tiltak og ressursar blir retta mot å forbetra folkehelsa på ein effektiv og inkluderande måte.

I denne planen er målet å sjå kva ein kan gjera innafor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som understøttar prioriteringane bulyst, barn og unge og folkehelse.



Foto: Sonja Frafjord – Etne-cup 2025

3. Utviklingstrekk - situasjonsbilette for Etne kommune

Demografi

Utviklinga i Etne går i retning av at det er ei aukande eldre befolkning, og slik utviklinga er vil talet eldre overgå talet barn og unge under 19 år innan 2028. Eit samfunn med fleire eldre og færre barn krev nye aktivitetstilbod, meir tilrettelegging for livslang aktivitet, og sterkare satsing på lågterskel tilbod og sosiale møteplassar

Folkehelse

God helse og livskvalitet er eit av FN sine berekraftsmåla (3). I eit samfunn der delen eldre aukar, er det i Etne aukande merksemd rundt helserelatererte utfordringar og livskvalitet blant eldre.

Samtidig er det også eit fokus på trygge og inkluderande lokalsamfunn og ivaretaking av born som lever i familiar med vedvarande låg inntekt og deltaking i fritidsaktivitetar.

Behovet for meir dagleg aktivitet er viktig for å møte dei utfordringane som er knytt til folkehelse. Deltaking i aktivitetar frå ung alder legg eit godt grunnlag for livslang aktivitet. For dei eldre er det viktig med fysisk aktivitet, då dei kan få fleire friske leveår og behovet for medisinsk behandling og oppfølging hos helsepersonell blir redusert.

Helsedirektoratet har utvikla ein kalkulator for å berekne samfunnsmessige gevinstar ved auka fysisk aktivitet, kor mange friske leveår samfunnet kan vinna dersom fleire blir meir fysisk aktive i kvardagen - «Kalkulator for samfunnsøkonomiske gevinstar av økt fysisk aktivitet».

Barn og unge

Mange barn og unge deltak i ulike aktivitetar, men utfordringa er å nå dei som ikkje deltek i dag. Dette gjeld særleg unge vaksne, personar med funksjonsnedsetting og familiar med vedvarande låg inntekt. Etne kommune har i 2025 fritidskort for dei mellom 11 – 15 år, og i tillegg har kommunen fått Bufdir midlar til fritidskassa for 3 år.

Skjermtid blant barn- og unge kan også ha betydning for aktivitetsnivå, og Ungdata undersøkinga for 2024 viser at det har vore ein auke i skjermtid sidan førre undersøking i 2021. Dette kan påverka kva tid dei har til å delta i fysiske aktivitetar.

Ungdata undersøkinga viser, trass auke i skjermtid, at barn og unge i Etne ligg over landsnittet i aktivitet, og del som driv med trening og fysisk aktivitet held seg på same nivå i 2024 som i Ungdata undersøkinga i 2021.

Friluftsliv

I Etne kommune er naturen ein unik ressurs, og det er god tilgjenge og kort avstand til turmoglegheiter, både på fjellet, tilgjenge til sjø og i nærområda. Det er moglegheiter til å velja aktivitetar uavhengig av fysiske forutsetningar.

Tilgjenge til nokre område vil vera vanskeleg/utfordrande for dei med funksjonsnedsetting, som til dømes i fjellet. Dersom det skal bli tilgjenge må det leggjast til rette gjennom

universelt utforma turveier/turstiar, men diskusjonen i slike prosjekt vil også vera kva miljøpåverknad dette vil ha og kva omsyn som veg tyngst.

Merking, informasjon og digitale løysingar kan vera med på å auka tilgjenge til friluftslivet, og at fleire får kjennskap til kva aktivitetar som finst.

Etne kommune er medlem av Friluftsrådet Vest, og har avtale med dei om forvaltning av friluftsområde i Etne.

Universell utforming og berekraft

Universell utforming er ein føresetnad for at alle skal få tilgang til anlegg og aktivitetar. I planlegging av nye prosjekt og rehabilitering av eksisterande anlegg er universell utforming og berekraft prinsipp som må ivaretakast så langt det er mogleg.

Transport

I Etne kommune er det avstandar som gjer at ein del er avhengig av transport for å koma til/frå aktivitetar. Mykje av transporten er det foreldra som står for, då det er vanskeleg med kollektivtransport til aktivitetar som skjer på ettermiddag/kveld. Spesielt gjeld dette om det er deltaking på tvers av sentra i kommunen, Skånevik og Etne.

Kvar fredag blir det eit arrangement for ungdommen, der Skånevik og Etne arrangerer dette annakvar fredag. Det er ei ordning med kollektivtransport når arrangement blir avslutta om kvelden. Tilsvarande ordning for andre aktivitetar kan vera utfordrande, då til dømes trening vil skje fleire gonger i veka, men ein må sjå på kva som er mogleg å få til.

Frivilligheita

For å ha eit levande samfunn med tilbod om aktivitetar, er ein avhengig av at folk vel å engasjera seg i frivilligheita. Deltaking i frivilligheita skapar sosiale møteplassar der ein treff andre og kan skape gode relasjonar, noko som er viktig for folkehelsa.

I Etne er det mange ulike organiserte aktivitetar, men også uorganiserte aktivitetar ein kan gjera på eiga hand eller saman med andre. Innsatsen til dei frivillige og ei stor dugnadsånd gjer det mogleg å få dette til. Dugnadsånda har også vist at det er mogleg å få til store prosjekt som til dømes utandørs basseng i Skånevik.

Med færre frivillige vil det vera utfordring med å oppretthalde aktivitetar, og framover blir det viktig å sjå på korleis ein betre kan støtta det frivillige, lag og organisasjonar.

Frivilligsentralen i Etne er organisert som ei stifting, og Etne kommune gir tilskot til drifta av sentralen. Det blir organisert ein del faste fysiske aktivitetar som til dømes onsdagstur og seniortrim, i tillegg til faste sosiale aktivitetar og enkelt arrangement. Frivilligsentralen er ein god og viktig bidragsytar for å skapa aktivitet i kommunen.

Årleg blir det delt ut frivilligpris til eldsjeler eller organisasjonar som har gjort ein stor frivillig innsats.



Foto: Liv-Kari Bødtker – Mot Jettegrytnuten, Rullestad

4. Samfunnet me skal skapa

Visjonen for dette arbeidet er som det er sagt i innleiinga:

Etne, ein kommune der aktivitet, natur og fellesskap gjer kvardagen rikare for alle.

Me ønskjer eit samfunn der fysisk aktivitet og friluftsliv er ein naturleg del av kvardagen. For å oppnå dette må det leggjast til rette for eit aktivitetsvenleg samfunn med ulike tilbod til alle i alle aldrar og funksjonsnivå, og å skapa gode nærmiljø og lågterskeltilbod.

Dei som har lært å ta vare på kroppen i barndommen gjennom aktivitet, gjer ofte dette også når dei blir vaksne og er betre rusta til å ta vare på seg sjølv.



Foto: Kinga Katrine Blaszkiewicz – Friluftsområdet «Peparen» i Skånevik

4.1 Satsingsområde og tiltak

I Etne kommune ønskjer me å leggja til rette for aktivitet for alle i alle aldrar og funksjonsnivå, og overordna mål for perioden er:

- Auka deltaking i fysisk aktivitet og friluftsliv for alle aldersgrupper og funksjonsnivå.
- Utvikla eit berekraftig og inkluderande aktivitetsmiljø i samarbeid med frivillige lag, organisasjonar og næringsliv.
- Bruka aktivitet som verktøy for å styrkja folkehelsa, fellesskapet og livskvaliteten i kommunen.

Satsingsområde 1 – Alle med

Etne kommune ønskjer å leggja til rette for aktivitetstilbod som alle kan ta del i, uavhengig av bakgrunn, alder, kjønn funksjonsevne eller økonomi. Alle skal ha ein reell moglegheit til å delta på sine premisser.

For å få dette til:

- Tilgjengelege og inkluderande tilbod uavhengig av alder, funksjonsevne og økonomi.
- Støtteordningar som fritidskort/fritidskassa og lånelager.
- Universell utforming av anlegg og nokre naturområde.
- Ordningar for transport

Satsingsområde 2 - Frivilligheita som kraft

Å engasjera seg i frivillig arbeid er ein vinn-vinn situasjon. Det å engasjera seg gir samhold, samarbeid og ein får hjelpa andre. Utan frivilligheita ville det ikkje vore mogleg å få til all aktivitet me har i kommunen. Styrking av samarbeid og samskaping mellom kommunen, lag og organisasjonar og næringslivet vil gje auka kvalitet, større mangfald og bidra til meir inkluderande og levande miljø. Godt samarbeid gjer det lettare å skapa gode møteplassar for fysisk aktivitet, og gir fleire anledning til å bidra som frivillige. Når fleire er involvert skapar det rom for nye idear, breiare kompetanse og deling av ressursar.

For å få dette til:

- Styrkja lag og organisasjonar gjennom samarbeid, støtte og forenkla prosessar.
- Tiltak for rekruttering og oppfølging av frivillige.
- Samskaping og samarbeid mellom kommune, frivillige og næringsliv.

Satsingsområde 3 – Nærmiljø og lågterskel

Lågterskeltilbod i nærmiljøet handlar om å skapa inkluderande møteplassar og aktivitetar som krev lite utstyr, er lett tilgjengelege og opne for alle. Dette kan vera alt frå turstiar og leikeplassar, fotballbanar, treningsapparat og sosiale møteplassar i naturen. Slike tiltak styrkjer fellesskap, trivsel og folkehelse – og er viktige supplement til det organiserte idrettstilbodet.

- Utvikla møteplassar der folk kan vera aktive utan stor kostnad.
- Satsing på turstiar, leikeplassar, nærmiljøanlegg og enkle treningsløysingar ute.
- Digitale løysingar for synleggjering av tilbod (t.d. kart, aktivitetskalender).

Satsingsområde 4 – Friluftsliv for framtida

Etne kommune har ein unik plassering mellom fjord og fjell, med kort veg til naturen for dei fleste innbyggjarane. Dette gir eit stort potensiale for friluftsliv og fysisk aktivitet i nærmiljøet, både i organiserte og uorganiserte former. Naturen er ein viktig ressurs for trivsel, helse og fellesskap, og skal vera tilgjengeleg for alle – uavhengig av alder, funksjonsevne eller økonomi.

For å få dette til:

- Leggja til rette for lågterskel friluftsliv: merking, universell tilrettelegging, informasjon.
- Bruka naturen som arena for folkehelse, inkludering og oppleving.
- Samarbeid med regionale aktørar (t.d. friluftsråd, fylkeskommune).



Foto Liv-Kari Bødtker – Hjørnås

Satsingsområde 5 – Anlegg, miljø og berekraft

Gjennom god planlegging og samarbeid kan Etne utvikla anlegg og nærmiljø som er attraktive, funksjonelle og berekraftige. Anlegg som kan brukast både til organisert og uorganisert aktivitet.

Å tenkja berekraftig handlar om å ta vare på ressursane våre, slik at framtidige generasjon får glede av dei. Dette er spesielt viktig når me byggjer eller skal rehabilitera idrettsanlegg, som ofte krev mykje energi, areal, materiale og økonomiske ressursar. Med god planlegging og omsyn for miljøet kan me redusera belastninga på natur og klima, samtidig som me skapar funksjonelle og framtidsretta løysingar

For å få dette til:

- Langsiktig planlegging og prioritering av nye og eksisterande anlegg.
- Fleirbruk og samlokalisering av anlegg.
- Klimavennlege løysingar i drift og utbygging, og universell tilrettelegging.
- Ha klare prioriteringskriterium for søknader om spelemidlar

«Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2025» fastset krav ved søknad om spelemidlar for 2026.



Foto: Sonja Frafjord – Discgolf i Etne

5. Vedlegg

Vedlegg 1 Beskriving av tiltak

Vedlegg 2 Handlingsplan anlegg og spelemidler

Vedlegg 3 Anleggsoversikt med tilstandsvurdering

Vedlegg 4 Prinsipp for prioritering av anleggsutbygging og -rehabilitering

